

KYRKJEBLAD



FOR
INDRE NORDMØRE

B
PORTO BETALT
VED
INNLEVERINGA
PÅ
KIRKJEBLAD
NORGE / NORG

FULLDISTRIBUSJON
RETURADRESSE:
Prosit design og
kommunikasjon as
Pb. 122, 6659 Rindal

Desember 2013

«Vår sjel ventar på Herren; han er vår hjelp og vårt skjold.» Salme 33,20

Nr. 5 – 73. årgang

Mens frost og vintermørke rår

*Mens frost og vintermørke rår,
begynner kirkens nye år,
og våre sinn skal være vendt
mot lyset som på jord er tent.*

*I mørket ved vår side står
han som steg inn i våre kår.
Hvert adventslys skal minne om
at Jesus, lysets Herre, kom.*

*Han kommer stadig til oss inn
og lar oss se Guds milde sinn.
Vårt ønske ved den tente krans
er at vårt liv må være hans.*

*Når verden og dens tid forgår,
gryr evighetens kirkeår.
O Herre, la oss finne vei
til lys og evig liv hos deg.*

Svein Ellingsen
NOS nr.23 Ny Salmebok nr.18



Kalla, julemotiv

Godt nytt

Det nye kyrkjeåret startar med nye tek-
strekkejer, ny liturgi og ny salmebok.
Det er 28 år sidan vi fekk Norsk Salmebok
som erstatta Landstads reviderte og
Nynorsk Salmebok.
Og det er 16 år sidan vi fekk Salmer 97.
Både desse bøkene har gitt kyrkja eit vell
av nye flotte salmar.
Det har vore diskutert om vi alt no trong
ny salmebok, og kor mykje nytt vi kan
greia å læra før mange har lært salmane i

dei vi har. Det har også vore strid omkring
trykking, anbod, utgjeving og pris, og evt
elektronisk salmebok på skjerm.
Men no er boka her og det beste vi da
kan gjera er å ta imot den nye salmeboka,
Norsk Salmebok 2013, (N13) med glede
og forventning og gå inn for å læra og
bruka salmane.

Det er også ein salmetekst ifrå vårt dis-
trikt, Surnadalsdiktaren Sverre Hatles vakre
salme: «Du er mi øy i havet» til folketone
frå Rindal..

Gledeleg
jul



ØRE
Øre - Gjemnes

Kyrkjekontoret 71 29 39 00
Telefaks 71 29 38 28
E-post sokneprest: petter.dahle@
gjemnes.kommune.no
Biletet: Øre kyrkje

Konfirmantleir



Konfirmantleiren for Gjemnes og Øre vart avvikla på Phillipshaugen i Øksendal i år også. Stemninga var god, og programmet veksla mellom leirkveldar med mykje lek og moro, undervisning, gruppearbeid, fritid, samhandlingsløype og ein gudsteneste laurdag kveld.

KRIK

KRIK 11 rullar vidare. Det er Høgtun som gjennomfører dette med Bjarte Grøteide som "vår mann". Han er for tida på utleige til kyrkjelyden i ei lita stilling. Likeeins er han også drivkrafta i KRIK for ungdomstrinnet. Dette betyr at dei fleste måndagskveldar er det KRIK på Høgtun – for dei yngste eller dei litt eldre. Det har vore

Takk til konfirmantane for godt samarbeid! Og gode medarbeidarar hadde vi i leiarane – nokre som var konfirmantar i fjor, to med lengre erfaring, ein Høgtun-elev og nokre av litt eldre årgang..

Foto PD.

Bøker

Martin Lønnebo:
«Trøstens hage» - Verbum forlag
«Bønnens hage» - Verbum forlag

god oppslutning om desse tiltaka. Idrett og lek står sentralt. Mellom slaga er det andakt, -og så blir det servert ostemørbrød – kvar gong!



Foto Bjarte Grøteide

Nymåla kyrkje - takk

Det har vore storarbeid i Øre kyrkje i oktober, veggjar, tak og golv samt alle benkane er måla! Det er mange krokjar og hjørne i kyrkja – mange småruta vindauge – mykje som skulle sparklast og pussast. Aller dårlegast var det kanskje på galleriet.

No møter kyrkja oss i ny glans – til og med kuplane under taket har fått gull-farge! Det står att litt småarbeid, men elles er alt sett godt i stand. Det er grunn til å takke arbeidsstokken frå Gjøco som har gjort godt arbeid enten dei balanserte (med sikring) på høge stillas eller kraup på golvet. Endå meir må vi takke Gjøco for å ha sponsa all målinga til dette arbeidet – det har vore eit uvurderleg bidrag til renoveringa. Avgjerande for å få dette i hamn var det også at Gjemnes kommune over fleire år sette av pengar med tanke på å få dette arbeidet gjennomført til kyrkja sitt 150-årsjubileum i 2015. Jubilanten er snart klar til feiring – i alle fall innvendig!



Gjevartjeneste

Vi har registrert mange gåver som er komne inn til kyrkjelydsarbeidet både i Gjemnes og Øre. Vi seier ein stor takk til alle som har kome med bidrag!

Nokre har også meldt seg til å vere med og gje støtte over ein periode – ein vel sjølv kor lenge ein vil vere med. Det er klart at faste beløp som kjem inn gjer det lettare enn ellers å kalkulere kva ein kan rekne med. Takk til dykk!

Det kan vere at fleire vil vere med å støtte kyrkjelyden på ein aller annan måte. –Barnekor, utdeling av materiell, middagsklubb, kyrkjene – det er mange gode tiltak å støtte! Gironummeret er: Gjemnes menighetsråd: 3933 01 16661.

Øre sokneråd: 3933 20 05662.

Øre gospelkor

Det nye barnegospelkoret har øving kvar tysdag kl. 18. Mange barn stiller opp, og no er øvingane flytta over i kyrkja. Første prosjektet deira er konserten saman med Bjarte Leithaug 7. desember i kyrkja.



TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 01 23
Telefaks 71 53 12 40
E-post: post@kirken.tingvoll.no
Biletet: Straumsnes kyrkje

Prosteinnsettinga



Frå venstre Cathrine Grutle, Magne Bergslid, Leif Endre Grutle, Petter Dahle, Lars Slettebø og Ingeborg Midttømme rett etter

innsettelse av prost i Indre Nordmøre prost, 29 september i Tingvoll kyrkje.

Fotograf Øyvind Grimstad

Stort jubileum for Møre bispedøme

Møre bispedøme feira 30 års jubileum ei heil veke med mange arrangement og seminar med stor festgudsteneste, innholdsrik kyrkjekaffe og konsert søndag.

Molde domkyrkje var stappfull til den strålende gudstenesta med fantastisk song og musikk. Eit stort og imponerande felleskor med songarar frå fleire kantar i bispedømet, under leiing av domkantor Dirk Hauenschild, løfta forsamlinga til himmels, ikkje minst i den mektige Hallelujasalmen, men også under nattverdssongane.

Gjest frå Ungarn Daniel Gryllus spela spesiell musikk på citar og Bishop Martin of Newcastle og Bishop Tamas Fabiny frå Ungarn, venskapsbispedømer til Møre, deltok i gudstenesta der biskop Ingeborg



Ved den utvida kyrkjekaffen underteikna dei tre biskopane ny venskapsavtale mellom Møre og partnarbispedøma i Newcastle og Ungarn.

heldt preika.

Ved kyrkjekaffen, som fylte kjellarstuene til trengsel, var det helsingar frå mange gjester, m.a tidlegare statsminister og moldenser Kjell Magne Bondevik som fortalde interessant om korleis bispedøme vart til, noko han hadde hatt stor innverknad på.

Bispedømet har hatt tre biskopar. Den forrige, Odd Bondevik, var forhindra frå å koma, men den første biskopen, Ole Nordhaug, hadde ei flott helsing.

Elles var det gratulasjonar frå fylkesmannen og Moldes ordførar, gjestebiskopane og mange fleire.

Inge Morten Haarstad som fortsatt jobbar ved bispekontoret, var med frå starten, sammen med noverande kontorsekretær Magni Ljoså, fortalde humørfyllt om den første enkle start.

Under samlinga til kyrkjekaffe vart også ny venskapsavtale mellom bispedøma i Newcastle, Ungarn og Møre signert.

Feiringa vart avslutta med ein mektig orgelkonsert ved den danske organisten Karsten Gyldendorf som også hadde laga ein variasjon over «Kirken den er et gammelt hus» til Møre bispedømes jubileum.

ERE

Masseoppfylling Straumsnes kirkegård

Første fase av masseoppfylling ved Straumsnes kirkegård er gjort unna. Faghjelp Øystein Folden og kirkegårdsarbeider Arnis Auza har flyttet vekk fra området et antall monument og lagret disse forsvarlig langs muren. Noen eldre gravminner uten fester vil bli vurdert for museumsområdet like ved servicebygget.

I løpet av vinteren og tidlig vår vil Vatn maskinstasjon as rive deler av muren langs sørsiden, deponere fyllmasse på området og starte med oppsetting av ny mur i samme utførelse som den nye langs østsiden. Målet vårt er å få på plass monument i løpet av våren 2014, slik at festere får mulighet til å rydde og stelle før sommeren.

Kirkevergen, Tingvoll



Arnis Auza med en gravstein





SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 23 00
 Telefaks 71 69 25 44
 Åpningstider: ma-fre 09.00-15.00
 E-post: ekspedisjon@sunndal-kirke.no
 Kirkeverge: Stig Rune Andreassen
 E-post: stig@sunndal-kirke.no
 Bildet: Middelaldarkrusifiks,
 Romfo kyrkje

25 års jubilarer



Organist Arne Magne Johannesen og kantor Ingebjørg Charlotte Paulshus Storset har arbeidet for kirken Sunndal i mer en 25 år. Først i oktober var ansatte samlet for en enkel middag med gaver.

Arne Magne begynte i 1986 og Ingebjørg begynte 1988. Kirkeverge Stig Rune Andreassen sa i sin tale at begge har latt oss høre de mange kvaliteter i arbeidet som

organist/kantor. Dere har en stor musikalsk formidlingsevne og har stor lidenskap for at oppgavene de er satt til å utføre – og de blir løst på en meget god måte.

Videre sa kirkevergen at det var barne/ungdomsarbeide og ikke minst det sangmiljøet dere er med og skaper, er veldig viktig for oss.

Ref.

Trusopplæring

Ann Lene Kleiven er trusopplæringsmedarbeidar i 50 % stilling i Sunndal. Etter snart eitt år har ho vorte varm i trøya og har vorte kjent med sokna og arbeidet. Ho er utdanna førskulelærer og lærar med div tilleggskompetanse, og har vore styrar av barnehage i Hamar. Ho har også hatt oppgåver i barnevernet, som er krevjande, og ho hadde lyst på forandring og andre slags utfordringar. Så ho flytta tilbake til Sunndalsøra i 2009, der ho har vakse opp. Ho har ei jente på 7-8 år og liker godt familie- og friluftsliv.

Ann Lene tykkjer ho har fått ei spennande og viktig stilling, og no greier ho å sortera timane slik at ho kan jobba meir med frivillige i Fredagsklubben og Barnegospel og å planleggja arrangement, som leir på Solhøgda med juleverkstad.

Ho har også ein tilleggsdel på 30 % til stillinga som kateket, knyta opp til konfirmanntarbeidet, der ho og planlegg og koordinerer skulegudstenester og minigudstenester og utdeling av kyrkjebøker for 2-åringar og 6-åringar, barnehagebesøk og heimebesøk for 4-åringane.

Ann Lene meiner at kristen trusopplæring bør vera obligatorisk, «spesielt i vår tid med

så mange andre religionar og kulturar. Vi må vidareføra vår basis og kultur og halda oppe det vårt samfunn er bygd på av kristne verdiar. Det er ikkje snakk om å predikera eller bruka peikefingeren,» seier ein engasjert trusopplærar.

Ann Lene Kleiven har deltatt på trusopplæringskonferanse på Lillestrøm 13. november og eit kurs om bruk av media i trusopplæringa

ERE

Bispemøte og samliv

Bispemøtet 17. oktober la fram uttale om samliv, «Ekteskapet i et evangelisk-luthersk perspektiv».

Åtte av tolv biskopar ønskjer at Den norske kyrkja utarbeider ein liturgi for vigsling av homofile. For å bevare samholdet i kyrkja går dei midlertidig inn for at det blir laga ein forbønsliturgi for borgerleg inngåtte ekteskap mellom personar av same kjønn

Bispeuttalen tek berre for seg spørsmålet om homofile kan gifta seg i kyrkja. Bispemøtets samlivsutval leverte i vår ei utgreiing over fleire typar samliv. Fem av ti utvalsmedlemar meinte at «samboere ikke

Norsk salmebok 2013

I 2004 vart det sett i gang arbeid med å gi kyrkja ny salmebok. Etter fire års arbeid vart forslaget Salmebok 2008 sendt ut til høyring og vurdering. Vidare arbeid førte så til endeleg vedtak i Kyrkjemøtet i april 2012 for ny salmebok autorisert til bruk.

Første søndag i adventstida, 1. desember 2013, kan Norsk salmebok 2013 (N13) takast i bruk i kyrkjelydane. Det er sokneråda som vedtek om kyrkjelyden skal ta i bruk ny salmebok og evt når.

Det er no 28 år sidan kyrkja sist fekk ny salmebok, Norsk salmebok frå 1985, med tillegg Salmer 1997. Desse var felles for bokmål og nynorsk, slik også den nye salmeboka er.

Norsk salmebok 2013 har 899 salmenummer, av dei 272 nye salmar (kjente og ukjente) og eit utval av bibelske salmar og liturgiske ledd, kyrkjeårets bibeltekster og bønner. 70 % av salmane i NoS er førde vidare og knappe 50% frå Salmer 1997. Prosentfordeling mellom bokmål og nynorsk er omlag 60-40 med ein del andre språk, nordiske, engelsk og samisk/kvensk.

Utgjevinga har fått ein del skarp kritikk, spesielt fordi boka er trykt og gjeve ut på Eide forlag etter anbudsrunde, og der Verbum forlag (Bibelselskapet), som har 200 års erfaring i produksjon av biblar, salmebøker og liturgiske bøker med stor økonomisk verdi for deira omsetjingsarbeid og spreing av biblar til fattige land, tapte anbudsrunder, enda boka til slutt vart dyrare.

Bibelselskapets generalsekretær Ingeborg Mogstad Kvammen beklager Kyrkjerådets vedtak, men manar no til ro omkring saka, at kyrkjelydane vil ta i bruk salmeboka, og vonar at ny salmebok vil vitalisera kyrkjelivet.

bør ordineres/vigsles eller tilsettes i kirkelig stilling som krevjer ordinasjon/vigsling».

Det er Kyrkjemøtet som avgjer om homofile skal få gifta seg i kyrkja og som vedtek kjønnsnøytral vigslingsliturgi i Den norske kyrkja. Liturgien i kyrkja er også læregrunnlaget.

Fleirtalet av biskopane meiner denne saka ikkje er kyrkjespiltande, men mindretalet meiner det går ikkje an å seia både ja og nei, at denne saka viser to heilt forskjellige syn på ekteskapet og Guds ord. Ein del tek til orde for at for å få ro, må kyrkja seia frå seg vigselfretten og berre ha forbønshandlingar. Men også det er vanskeleg for dei som meiner ein da velsignar det som er imot Guds ord og kyrkjens tradisjon. Det vil også vanskeleggjere samarbeid med andre kyrkjefamfunn, både i vårt land og internasjonalt.

ERE

Gudstenestereformen.

Det har vore spanande og lærerikt å delta i samtalar over ordninga for hovedgudsteneste i den norske kyrkja. Eg er glad for at ordninga legg opp til at fleire skal delta aktivt i førebuing og gjennomføringa av gudstenesta, sjøl om det ofte tar meir tid til planlegging og førebuing for prestar, organistar og andre. I tillegg til «involvement» er «stedegjengjøring» det overordna målet i arbeidet med liturgireforma.

Det er eit imponerende materiale som er sendt ut til kyrkjelydane, også når det gjeld musikkalternativ til dei ulike messeledd (Kyrie, Gloria, Sanctus...), alt

frå gregoriansk musikk til musikk frå Sør-Afrika, Argentina og Israel/Palestina. Det som gjer meg litt undrande, og ikkje heilt glad, er at det vil bli vanskeleg å kome til noko kjent dersom du kjem til ein ny stad og vil gå til gudsteneste, - og flyttar det gjer folk i dag. Eg ser verdien i «gjenkjennelse», at ein kan delta aktivt i liturgien sjøl om ein kjem på ein ny stad, anten for å bli der ei stund, eller om ein kjem berre som turist.

Eg har fått høve til å delta i drøftingane om den nye liturgien i fleire kyrkjelydar og er både glad og tilfreds med å merke meg det store engasjementet folk har for gudstenesta

og for dei mange gjennomtenkte vurderingar folk har av kva som fungerer i dei einiskilde kyrkjelydane. I utgangspunktet meinte eg at det var unødvendig med endringar i liturgien allereie no, men har etter kvart sett verdien i dei endringane det er lagt opp til. Ein må berre venja seg litt, og einaste måten å gjere det på er å gå til kyrkja og ta aktiv del i liturgien.

God gudsteneste!

Torbjørn Brøske, fungerande sokneprest i Halså.

*Torbjørn Brøske,
fungerande sokneprest i Halså.*

Kyrkjemedlemar i regjeringa

Av 18 medlemar i den nye regjeringa høyrer 17 til Den norske kyrkja. Det er ingen frikyrkjeleg statsråd. Den eine som ikkje er medlem av Den norske kyrkja er heller ikkje medlem av noko anna trussamfunn. Tidlegare måtte ein forsikra seg om at det var nok kyrkjelege medlemar for å halda kyrkjeleg statsråd, som til for halvanna år sidan var det øverste styringsorgan i Den norske kyrkja. I dag er ikkje det noko problem da grunnlovsendringa som vart vedteken avvikla kyrkjeleg statsråd. No er det kyrkjas eigne demokratiske valde organ som utnemner prostar og biskopar.

Inspirasjonssamling

I siste nummer av kyrkjebladet vart det invitert til inspirasjonssamling for alle som deltek i ei bibelgruppe eller ønskjer å vere med i ei. Over tjue personar kom til kyrkjelydshuset onsdag 30.oktober for å la seg inspirere.

Seks bibelgrupper var representerte, og dei fortalde litt om opplegget på gruppene. Dei fleste møtast i heimane, der dei les Guds ord, samtalar om kristen tru og ber for kvarandre, slik det står skrive i Jakob 5,13: Det minner oss vidare om det som står om det kristne fellesskapet: (1.Kor.14,26).

Det var særst triveleg at nokre av våre nye landsmenn deltok på kvelden. Dei har no vorte med i grupper på kyrkjelydshuset. Fleire gav uttrykk for at dei vart inspirerte av kvarandre denne kvelden, og vi ønskjer dykk lykke til vidare i bibelgruppene. Om det skulle vere fleire som ønskjer å vere med i bibelgruppe, er det berre å ta kontakt med oss på kyrkjekontoret på tlf.71 65 70 60. Helsing diakonane Kirsti Hjørnevik og Aud Brynhild Indset

Kyrkjer

For å setja alle landets kyrkjer i forsvarleg stand, trengs det rundt 10 milliarder kroner, avdekkjer rapport frå Kirkelig Arbeidsgiverorganisasjon. Ref:VL

Kyrkjeval

I år hadde 140 kyrkjelydar i landet val av soknerådsmedlemar samtidig med Stortingsvalet. Kwart sokn fekk 2.900 kr til valg gjennomføring.

I dette prostiet vart det halde val i Stangvik og Todalen sokn. Departementet har no bestemt at det ikkje skal haldast val annakvert år lenger.

Misjonærer

Norsk råd for misjon og evangelisering (NORME) som representerer 40 norske misjonsorganisasjonar, og Digni, ein paraplyorganisasjon for 19 norske misjonsorganisasjonar, rapporterer at det i 2012 var 64 fleire norske langtidsmisjonærer i utlandet enn i år 2010. (VL)

Ekteskap

I fjor ble det inngått 24.300 ekteskap. Det er 1.200 flere enn i 2011.

I fjor ble det tatt ut 9.929 skilsmisser og 11.094 separasjoner, en liten nedgang fra året før.

I fjor opplevde 21.500 barn under 18 år at foreldrene enten ble skilt eller separert. 40,9 % av giftermålene ender i skilsmisse.

500 000 nordmenn har opplevd at foreldrene har gått fra hverandre, 350 000 under 18 år.

Ref: Vårt Land

Biskopar og redaktørar

Gjennom tidene har 14 av våre biskopar – 2 noverande - først vore redaktørar av bladet «Luthersk Kirketidende» som er eit uavhengig teologisk informasjonsmagasin utgitt av Luther Forlag, som er eigd av Normisjon. Tidsskriftet vart grunnlagt av Gisle Johnson i 1863 og har altså 150-årsjubileum i år. Noverande redaktør er professor Harald Hegstad, som også har vore lansert som bispekandidat. Dei som i dag er biskopar og som har vore redaktørar tidlegare er Laila Riksaasen Dahl og Halvor Nordhaug.

Ref: VL

Kristne under press

Vekst

Dei siste tiåra har det mot styresmaktenes ønskjer skjedd ein formidabel kyrkjevekst i Kina. Ein reknar med at det er mellom 50 og 100 millionar kristne i landet, somme i husmenigheter (undergrunnskyrkjer), andre i offisielt registrerte kyrkjer. Mange har vore fengsla for si trus skuld, men den kristne kyrkja har ikkje latt seg knusa.

Forfylgde kristne

Ein fersk rapport frå Johns Hopkins University i Baltimore om kristnes situasjon i Midt-Austen konkluderer med at området blir tømte for kristne. Dei meiner at hundretusener av kristne har forlatt regionen sidan byrjinga av dette tiåret. Det er svært urovekkande at der kristendomens vogge stod, er det ikkje leveleg for kristne i dag. Da det tidlegare var flest kristne i Syria og Egypt, er dette i dag land der kristne flyktar, som også Irak, Libanon og Tyrkia.

Kristne er i dag den minoritetsgruppa med flest forfylgde. Trusfridomsorganisasjonen Open Doors meiner dokumentert at 100 millionar kristne er forfylgde for si trus skuld. Leiurar i menneskerettsorganisasjonar og generalsekretæren for Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja meiner at ein må bli meir open og frimodig i kampen mot kristendomsforfylgjing.

Bøker

Egil Sjaastad: «Ankerfestet – Andakter for hver dag» - Lunde forlag

Jostein Ørlum: «Mitt umulige barn – 25 adventsmeditasjoner» - Verbum forlag

Kees de Kort: «Bibelen forteller» Illustrerte bibelfortellinger med fjorten sanger. - Verbum forlag

Neste nummer kjem veke 8.
Frist for innsending av stoff er
onsdag 29. januar.

Gudstenester i Indre Nordmøre prosti



Høyr kor kyrkjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang

Gudstenesteliste

Torsdag 5. desember

Ranes kyrkje kl. 19:30 Lysmesse. Takkoffer til orgelet i Ranese.

Fredag 6. desember

Åsskard kyrkje kl. 19:30 Åsskardkorets julekonsert.

Laurdag 7. desember

Todalen kyrkje kl. 16:00 Julekonsert. Julekantate, kor, solistar, allsong.

2. søndag i adventstida 8. desember

Joh. 14, 1-4 Eg vil ta dykk til meg

Valsøyfjord kirke kl. 16 Felles Lysmesse ved konfirmantene i Halså og Valsøyfjord. Takkoffer til Menighetsarbeidet.

Rindal kirke kl. 19:30 Lysmesse. Takkoffer til menighetsarbeidet

Hov kirke. kl. 11:00 Gudstjeneste Storset

Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Laskerud. Nattverd. Takkoffer til Solhøgda leirsted.

Hov kirke. kl. 19:00 Laskerud. Lysmesse med konfirmanter.

Gjemnes kirke kl. 11:00. Gudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Normisjon. Kirkekaffi.

Ranes kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Stangvik kyrkje kl. 19:30 Julekonsert. Kor, solistar frå musikkonservatoriet, orkester. Billettsal el. takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid.

Tingvoll kyrkje kl. 16:00 Lysmesse ved sokneprest Cathrine Grutle og kantor Tor Strand.

Gjemnes kirke kl. 11:00. Gudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Normisjon. Kirkekaffi.

Øre kyrkje kl. 19:00 Lysmesse. Konfirmantane deltek.

Torsdag 12. desember

Mo kyrkje kl. 19:30 Lysmesse. Takkoffer

Fredag 13. desember

Mo kyrkje kl. 09:30 Minilysmesse.

Øye kyrkje kl. 18:00 Barnas kyrkjekveld.

Laurdag 14. desember

Bøfjorden grendahus kl. 18:00 Amigos fremfører syngespillet Gabrielle

3. søndag i adventstida 15. desember

Matt. 11, 2-11 Jesus og Johannes

Halsa kirke kl. 16:00 Julekonsert. Takkoffer til Kirkemusikalsk arbeid

Lomundsjø bedehus kl. 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer til Lomundsjø bedehus

Hov kirke kl. 11:00 Storset.

Stangvik kyrkje kl. 15:00 Lysmesse. Biblar til 5.klassingar. Takkoffer til Kirkens Bymisjon, Trondheim

Ranes kyrkje kl. 16:00 Vi syng jula inn. Takkoffer til orgelet i Ranese

Åsskard kyrkje kl. 19:30 Lysmesse. Biblar til 5.klassingar. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Straumsnes kyrkje kl. 16:00 Lysmesse ved sokneprest Cathrine Grutle og kantor Tor Strand. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet i Straumsnes

Øre kyrkje kl. 15:00 Julekonsert. Lokale kor og korps og elevar frå kulturskulen.

Torsdag 19. desember

Øye kyrkje kl. 09:15 Skulegudsteneste.

Øye kyrkje kl. 12:15 Skulegudsteneste.

Fredag 20. desember

Ålvundeid kyrkje kl. 09:00 Ålvundeid og Ålvundfjord skule. Laskerud

Romfo kyrkje kl. 09:30 Løykja skule. Storset.

Gjøra kapell kl. 10:40 Gjøra skule og barnehage. Storset.

Hov kirke kl. 10:00 Sande skule. Laskerud

Hov kirke kl. 12:00 Tredal skule. Storset.

Hov kirke kl. 13:00 Ungdomsskolen. Laskerud.

Todalen kyrkje kl. 09:00 Skulegudsteneste.

Øye kyrkje kl. 09:30 Skulegudsteneste

Åsskard kyrkje kl. 12:30 Skulegudsteneste.

4. søndag i adventstida 22. desember

Luk. 1, 46-55 Marias lovsong

Nordvik forsamlingshus kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til Sjømannsmisjonen

Julaften - Tirsdag 24. desember

Luk 2, 1-20 Jesus blir født

Halsa kirke kl. 11.30 Gudstjeneste. Takkoffer til Trosopplæringsarbeidet i Halså.

Valsøyfjord kirke kl. 13 Gudstjeneste. Takkoffer til Trosopplæringsarbeidet i Halså.

Rindal kirke kl. 15:00 Julekveldsgudstjeneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Gjøra kapell kl. 15:00 Julaftensgudsteneste. Takkoffer til Frelsesarmeen.

Hov kirke kl. 15:00 Julaftensgudsteneste. Takkoffer.

Hov kirke kl. 16:00 Julaftensgudsteneste. Takkoffer.

Øksendal kyrkje kl. 16:00 Julaftensgudsteneste.

Ålvundeid kyrkje kl. 15:00 Julaftensgudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Mo kyrkje kl. 13.00 Julekveldsgudsteneste. Takkoffer

Todalen kyrkje kl. 13.30 Julekveldsgudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Ranes kyrkje kl. 14.30 Julekveldsgudsteneste. Takkoffer til Kirkens Bymisjon, T.heim

Øye kyrkje kl. 16.00 Julekveldsgudsteneste.

Takkoffer til Kirkens Bymisjon, T.heim

Åsskard kyrkje kl. 16.00 Julekveldsgudsteneste. Takkoffer til Redd Barna

Straumsnes kyrkje kl. 14:00 Familiiegudsteneste ved sokneprest Cathrine Grutle og kantor Tor Strand. Takkoffer til Redd barna.

Tingvoll kyrkje kl. 16:00 Familiiegudsteneste ved sokneprest Cathrine Grutle og kantor Tor Strand. Takkoffer til Kirkens nødhjelp

Gjemnes kirke kl. 14:00 Julaftensgudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Osmarka kapell kl. 16:00 Julaftensgudsteneste. Dahle. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Juledag - Onsdag 25. desember*Joh 1,1-14 Ordet vart menneske*

- Halsa kirke kl.11 Høytidsgudstjeneste.
Takkoffer til Menighetsarbeidet.
- Øvre Rindal kapell kl. 12.00 Høytidsgudstjeneste. Takkoffer til DNM
- Hov kirke kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste. Takkoffer.
- Romfo kyrkje kl. 13:00 Høgtidsgudsteneste Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
- Ålvundeid kyrkje kl. 13:00 Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
- Stangvik kyrkje kl. 12:00 Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
- Øye kyrkje kl. 12:00 Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp
- Tingvoll kyrkje kl.11:00 Høgmesse ved prost Leif Endre Grutle og kantor Tor Strand. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Tingvoll.
- Øre kyrkje kl.12:00. Høgtidsgudsteneste. Dahle. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.

Stefanusdag / 2. juledag – Torsdag 26. desember*Matt 2,16-23 Barnemordet og vegen til Nasaret*

- Straumsnes kyrkje kl.11:00 Høgmesse ved prost Leif Endre Grutle og kantor Tor Strand.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Straumsnes.

Romjuls søndag – Søndag 29. desember*Matt 2,13-15 Flukta til Egypt*

- Rindal kirke kl. 11:00 Gudstjeneste. Dåp. Takkoffer.
- Hov kirke kl 11:00 Gudstjeneste. Dåp.

Nyttårsaften – Tysdag 31. desember*Luk 13,6-9 Fikentreet som ikkje bar frukt*

- Valsøyfjord kirke kl.16 Gudstjeneste.
Takkoffer til Menighetsarbeidet.
- Todalen kyrkje kl. 16:00 Høgtidsgudsteneste Takkoffer til kyrkjebladet.
- Straumsnes kyrkje kl.15:30 Gudsteneste ved prost Leif Endre Grutle og kantor Tor Strand.
- Tingvoll kyrkje kl.17:30 Gudsteneste ved prost Leif Endre Grutle og kantor Tor Strand.
- Øre kyrkje kl.22.00. Gudsteneste ved årsskiftet. Dahle.

Nyttårsdag / Jesu namnedag – Onsdag 1. januar*Luk 2,21 Han fekk namnet Jesus***Kristi openberringsdag – Søndag 5. januar***Matt 2,1-12 Vismennene hyller Jesus*

- Rindal bedehus kl. 15:00 Sportsandakt. Juletreffest.
- Grøa bedehus kl 11:00 Laskerud.
- Stangvik prestegard kl.11:00 Gudsteneste. Takkoffer.
- Øre kyrkje kl.11:00 Høgmesse. Nattverd. Dahle.

2. søndag i openberringstida – Søndag 12. januar*Matt 3,13-17 Jesus blir døypt*

- Øvre Rindal kapell kl. 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer
- Hov kirke kl 11:00 Storset.
- Øye kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer
- Åsskard kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer

Tingvoll kyrkje kl.11:00 Gudsteneste

3. søndag i openberringstida – Søndag 19. januar*Joh 2,1-11 Bryllaupet i Kana*

- Hov kirke kl 11:00 Laskerud.
- Romfo kyrkje. kl. 11:00 Storset.
- Ranes kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer
- Straumsnes kyrkje kl.11:00 Gudsteneste
- Øre kyrkje kl.11:00. Høgmesse. Nattverd. Dahle.

4. søndag i openberringstida – Søndag 26. januar*Luk 18,35-43 Den blinde ved Jeriko*

- Rindal kirke kl. 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer
- Hov kirke kl 11:00 Storset. Ungdomsgudstjeneste.
Konfirmanter deltar.

Ålvundeid kyrkje. kl. 11:00 Laskerud.

- Mo kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer
- Todalen kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer
- Tingvoll kyrkje kl.11:00 Gudsteneste
- Gjemnes kirke kl.11:00. Høymesse. Nattverd. Dahle.

Kirkekaffi. 5. søndag i openberringstida – Søndag 2. februar*Mark 2,1-12 Jesus og den lame mannen*

- Rindal eldresenter kl. 11:00 Gudstjeneste.
- Øvre Rindal kapell kl. 19:30 Gudstjeneste. Takkoffer
- Hov kirke kl 11:00 Laskerud.
- Gjøra kapell. kl. 11:00 Storset.
- Stangvik kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer
- Øye kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer
- Straumsnes kyrkje kl.11:00 Gudsteneste
- Osmarka kapell kl.11:00. Høgmesse. Nattverd. Dahle

Kyndelsmesse – Søndag 2. februar*Luk 2,22-40 Jesus blir bore fram i tempelet***6. søndag i openberringstida – Søndag 9. februar***Joh 6,63-69 Du har det evige livs ord*

- Rindal kirke kl. 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer
- Hov kirke kl 11:00 Storset. Familiegudstjeneste.
- Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Laskerud
- Ranes kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer
- Åsskard kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer
- Øre kyrkje kl.11:00. Familiegudsteneste. Dahle
Bibelutdeling til 11-åringane.

Såmannssøndag – Søndag 16. februar*Luk 8,4-15 Såmannen og jordsmonnet*

- Hov kirke kl 11:00 Laskerud.
- Mo kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer
- Ranes kyrkje kl. 18:00 Konsert.
- Straumsnes kyrkje kl.11:00 Gudsteneste
- Gjemnes kirke kl.11:00. Familiegudstjeneste. Dahle
Bibelutdeling til 11-åringene
Kirkekaffi.

Kristi forklaringsdag – Søndag 23. februar*Matt 17,1-9 Disiplane får sjå Jesu herlegdom*

- Rindal kirke kl.11:00 Gudstjeneste. Takkoffer.
- Hov kirke kl 11:00 Storset.
- Todalen kyrkje kl. 19:30 Gudsteneste. Takkoffer
- Tingvoll kyrkje kl.11:00 Gudsteneste

DØYPTE — VIGDE — DØDE**Døyppte**

HALSA

- 09.06 Isak Halse Talmoaune
- 09.06 Aksel August Betten Sjøberg
- 14.07 Eli Johanne Vatten

- 13.10 Olivia Elise Blekken
VALSØYFJORD
- 23.06 Ludvik Soleim
RINDAL
- 06.10 Elida Møkkelgård
- 03.11 Astrid Landsem

- 03.11 Tiril Cecilie Bjørnstad
ROMFO
- 24.08. Erling Jenstad
- 22.09. Konrad Johansen-Raknes
- 05.10. Cornelia Rønningen

ANDAKT

Jula beveger oss

Jula har en egen evne til å bevege oss, både fysisk og mentalt. Slik har det alltid vært: Josef og Maria reiste 111 km, fra Nasaret og opp til Betlehem. Der ble Jesus født. Men de måtte videre. I frykt for barnets liv flyktet de til Egypt. Og takket være en human innvandringspolitikk i Egypt, fikk den hellige familie være der til kong Herodes var død. Så gikk ferden tilbake til det som kanskje hadde vært et hjem, eller som i alle fall ble et hjem for familien – til Nasaret. Svært mange er på reise nå i disse førjulsdager. Noen venter besøk av sine nærmeste, andre reiser på besøk. Jula beveger oss.

Den beveger oss også på det mentale plan. Vi som har levd en stund tenker på vår barnedoms jul, vi minnes våre foreldre, søsken og andre som kanskje hadde sin faste plass ved middagsbordet julaften. Ingen høytid greier å skape slik «samkjensle» mellom mennesker som jula. Når jeg hørte Mahalia Jackson synge Silent Night eller skrudde videre og hørte Stille Nacht i radioen på 1950-tallet, forstod jeg at det var mennesker der ute som feiret det samme under som vi gjorde. Og når jeg var med i fjøset og ga sauene mat like før vi selv skulle spise julemiddagen, kunne man kjenne fellesskapet med dyra og hele skaperverket på en spesiell måte, slik dyr og skapningen også var med ved krybba i Bet-

lehem. Jula beveger oss. Jeg håper vi kan gi dagens unge de samme gode opplevelsene av høytid og forpliktende fellesskap med mennesker av alle nasjonaliteter og for skaperverket som Guds gave. Jeg ønsker dere alle en velsignet julehøytid.

Torbjørn Brøske

*Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderom,
der samles mine tanker som i sin hovedsum.
Der er min lengsel hjemme, der har min tro sin skatt;
Jeg kan deg aldri glemme, velsignet julenatt!*
(Brorson)

DØYPTE — VIGDE — DØDE

HOV
01.09. Ingrid Smiseth Jensen
01.09. Elida Lervik
08.09. Isabell Tronsgård Olsen
15.09. Ida Sofie Solheim
29.09. Isak Gjersvoll Andersen
06.10. Erik Kvernberg
06.10. Synnøve Kvernberg
06.10. Helene Remen Furu
06.10. Isak Ellevseth Heggem
13.10. Arn Gudmund Auran Wågbo
20.10. Kristi Moen Bakken
26.10. Sigrid Gravem
27.10. Ingrid Hoås
ØKSENDAL
27.10. Teodor Toven Beverfjord
ÅLVUNDEID
25.08. Wilhelmina Sofie Jønsson
Botnvik
20.10. Lilja Magerøy Aandstad
MO
15.09. Sigrid Lervik Fiske
06.10. Olve Vaseng Kvammen
06.10. Marius Hognestad
03.11. Lone Sandum
STANGVIK
22.09. Evert Sebastian Varvik
22.09. Loke Rørseth Korshamn
22.09. Ingrid Stenberg
22.09. Milian Bele
22.09. Ailo Bele
03.11. Adrian Vikan
03.11. Jørgen August Tredal
ØYE-RANES
31.08. Ellen Helgetun Schei
22.09. Jakob Todalschaug Strand
20.10. Mikael Langholm Flyum
20.10. Mira Rosa Forberg-Hagen
20.10. Eiri Bæverfjord
27.10. Vida Sæther
27.10. Wilhelm Rygh Wilhelmsen
ÅSSKARD
20.10. Frid Alseth Fossen
20.10. Mia Hoås Aarnes
TINGVOLL
22.09. Isak Torjul Fjeldset
22.09. Jorid Hals Stene
06.10. Einar Glærum Gjul
STRAUMSNES
29.09. Oscar Lillebo Aavatsmark
03.11. Oskar Romundstad-Brunsvik

GJEMNES
22.09. Leah Skjerset
ØRE
23.06. Lars Petter Bergset, døpt i
Vistdalen kyrkje
03.08. Henrik Petrenko Skarshaug, døpt i
Bergmo kirke
08.09. Teodor Vorpenes Søvik, døpt i
Kleive kyrkje
15.09. Heine Hoem
22.09. Nikolai Myklebost, døpt i
Osmarka kapell
29.09. Sara Gamsgrø
27.10. Amalie Fjelle Steffensen, døpt i
Kirklandet kirke

Vigde

HOV
24.08. Beate Angell og Cato Eikrem
31.08.2013 Ingrid Stavheim og Erik
Bjøringsøy Lien
ØYE-RANES
05.10. Gunn Mari Heggset og
Kjetil Stenberg
ØRE
19.10. Jannicke Myrvang Andersen og Erik
Oddmund Fostervoll, vigde i
Osmarka kapell.

Døde

HALSA
23.10. Arvid Vullum f. 1940
12.11. Solveig Ingeborg Kvisvik f. 1920
17.11. Ingrid Vaagland f. 1926
VALSØYFJORD
07.09. Arvid Johan Hoås f. 1926
10.11. Arnt Botten f. 1926
RINDAL
27.09. Oddbjørg Nelly Bolme f. 1938
09.10. Ingvar Landsem f. 1940
11.10. Ingebrigt N. Løfald f. 1925
14.10. Magda Kvam f. 1924
03.11. Inga Tørset f. 1915
HOV
21.08. Esther Svanhild Ottem f. 1926
27.08. Arvid Moene Hafsaas f. 1939
01.09. Hugo Rasch f. 1949
12.09. Karen Hoel f. 1925
16.09. Trygve Holmeide f. 1924
23.09. Inga Kristine Furu f. 1916
25.09. Laura Jørgine Meisal f. 1924

30.09. Øystein Vollan f. 1928
11.10. Magny Kjellaug Gjerde f. 1932
19.10. Alf Einar Bakken f. 1943
23.10. Bjørg Laila Engtrø Bonsak
f. 1957
25.10. Svanhild Norma Kvande
f. 1928
01.11. Berit Inger Halland f. 1948
07.11. Kari Hoset f. 1932
ØKSENDAL
11.09. Agnes Kvalvik f. 1915
12.10. Bjarne Haugen f. 1934
ÅLVUNDEID
25.08. Helge Seljebø f. 1932
07.11. Anna Hals f. 1917
MO
31.08. Knut Aabel f. 1920
ØYE-RANES
02.09. Hogne Håvik Humberstet f. 1959
07.09. Lars Kristian Holten f. 1926
22.09. Aashild Ansnes f. 1930
08.10. Reidun Bergljot Strand f. 1935
12.10. Lars Peder Mogstad f. 1935
13.10. Maret Teilgård f. 1931
TODALEN
31.08. Arthur Ørsal f. 1928
04.09. Margit Halle f. 1921
ÅSSKARD
06.09. Gurine Settemsdal f. 1932
TINGVOLL
23.08. Gunvor Margrethe Skjelvik
f. 1919
08.09. Bergsvein Gunnar Flemmen
f. 1941
17.09. Per Drage f. 1918
23.09. Alvhild Røskar f. 1919
24.09. Gerd Haugvik f. 1943
24.09. Magne Steinshamn f. 1925
27.10. Kari Bruvoll f. 1942
STRAUMSNES
22.09. Erik Kvisvik f. 1982
05.10. Arne Torgeir Vatn f. 1928
GJEMNES
27.08. Kjell Sigurd Moltubakk f. 1929
01.11. Agnes Kasbara Slatlem f. 1927
ØRE
17.09. Kjetil Botn f. 1959
19.09. Marianne Watn f. 1948
20.10. Gunvor Solenes f. 1919
28.10. Odd Ingar Silset f. 1935



HALSÅ

Halså - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38
 Kirkekontoret 71 55 96 39
 E-post kirkeverge:
 kirkeverge@halsa.kommune.no
 Bildet: Halså kirke

Ny liturgi

Soknerådet i Halså har gjort vedtak om innføring av ny liturgi for hovedgudstenesta. Framlegget vert lagt fram for kyrkjelyden no før jul og vi reknar med å ta ordninga i bruk frå advent 2013.

Skulegudstenester

Utdanningsforbundet og Barneombudet har gått inn for at den tradisjonelle ordninga med skulegudstenester opphøyrer, noko som Den norske kyrkja ved Kyrkerådet avviser. Dei peikar på at den allmenne skulen vaks fram av kyrkjens kristendomsundervisning, og at det er lang tradisjon og historiske grunnar for at elevar i den offentlege skulen tek del i skulegudstenester i regi av Den norske kyrkja som også størstedelen av elevane tilhøyrer. Ved å delta får dei kjennskap til religiøse høgtider og vår tradisjonelle Gudsdyrking.

Du er mi øy i havet

Ein av våre lokale diktarar, Sverre Hatle frå Surnadal, har fått inn ein salme i den nye salmeboka. Den kan syngjast til melodi på folketonen frå Rindal til salmen «Se solens skjønne lys og prakt».

Salmen er ei gjendiktning frå engelsk «You Are My Island» (Ray Simpson: Prayer Rhythms for Busy People)

Du er mi øy i havet, Gud,
 ei støy for mine føter.
 Du er eit vinddrag mot mi hud,
 ditt kjærteikn som eg møter.
 Du er ein stavstill fjord,
 min salme utan ord.
 Du er eit fuglekor som kved,
 der får eg lov å syngja med.

Du er ein bårerygg som bryt,
 der får eg sjå ditt velde.
 Du er ei elv som roleg flyt,
 ho er mi nådekjelde.
 Du fjøre er og flod,
 i rytmen finn eg ro.
 Du er eit hav kring heile meg,
 der er eg evig eitt med deg.

Sitat

«Bibelen er fortsatt den viktigste teksten som er skrevet, tanker og bilder derfra styrer fortsatt vår oppfatning av virkeligheten.» Karl Ove Knausgård, forfatter og språkkonsulent under oversettelsesarbeidet med Bibelen.

Misjonfest

Foreningane for Misjonsselskapet og Normisjon i Surnadal arrangerte ein felles misjonsfest på Eidet bedehus fredag 8. november med besøk frå Trøndelag. Det var svært godt fram møte for å høyra misjonærparet Åse og Hans Birger Neergård fortelja frå sitt arbeid i Etiopia med spennande biletserie, musikk av Svein Gjære på piano og Hans Birger på trombone, og andakt ved prost em Jostein Malum.

Det var også fokus på den nye salmeboka med Sverre Hatles song og ein salmemelodi av Svein Gjære.

Tradisjonen tru på Eidet bedehus så stilte alle karane opp og danna «Karrakor». Det vart fyldig og god song.

ERE

Kors mot abort

I september vart det i Danmark reist 16 000 kvite trekors ved motorvegen på Østjylland for å markera at det er 40 år sidan Danmark innførte fri abort, ein lov som har ført til at mange tusen påbegynte liv blir stoppa kvart år. Markeringa var i regi av den danske organisasjonen Retten til Liv, og korsa vart sett opp av 500 frivillige.



Bispevisitas

Bispevisitasen i Surnadal- Stangvik varte ei heil veke og to helger med tett program. Det starta søndag 17. nov med felles visitasgudsteneste i Stangvik kyrkje og kyrkjekaffe med kort introduksjon av biskopen over tema og opplegg. Ho peika

på det viktige i å vita kva vi vil og kor vi går i kyrkjarbeidet. Seinare hadde ho samtaler med sokneråda og det var kveldsandakt i Todalskyrkja. Bispevisitasen fortsette med folkemøte på Kulturhuset måndag og møte med organisasjonane på tirsdag.

ERE



SURNADAL

Øye - Mo - Ranese

Kyrkjekontoret 71 65 70 60
 Telefaks 71 65 70 61
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund@surndal.kommune.no
 Biletet: Ranese kyrkje - Stangvik kyrkje



Pilegrim for en ettermiddag



Pilegrim for en ettermiddag.

Det er lenge siden "den gamle kirkeveien" fra Østbødalen til Ranese var den alminnelige ferdselsveien for de som skulle til kirken. Så kalles den da også "den gamle kirkeveien". Et kjapt blick på ruten etterlater liten tvil. For den som la vinn på å komme seg til kirke, og ikke minst hjem igjen, må dette har vært en strevsom tur. Men for en konfirmantprest og hans medhjelpere er denne turen et "gefundenes fressen". Hva er vel bedre egnet til å komme konfirmantene tett på livet, enn å sende dem ut i Guds frie natur,

Advent i Surnadal

Torsdag 5. desember kl. 19.30 LYSMESSE i Ranese kyrkje der konfirmantane våre tek del med tekstlesing og lystenning.

Torsdag 12. desember kl. 19.30 LYSMESSE i Mo kyrkje der konfirmantane i Mo tek del med tekstlesing og lystenning. Songkoret Tormod m.fl. deltek.

Fredag 13. desember kl. 18.00

LUCIA-konsert i Øye kyrkje. Barnekoret Jubilate m.fl. deltek.

3. søndag advent (15.12) kl. 16.00 «Vi syng jula inn» i Ranese kyrkje med kor, korps og solistar.

Andakt ved diakonleiar Kirsti Hjørnevik.



i mot og nedoverbakke.

Den 19. og 24. september ble årets Surnadalskonfirmanter invitert med på pilegrimsvandring. Skysset direkte fra skolen til i Østbødalen, la de på vei over Mellingfjellet med mål Ranese kirke. Det i seg selv skapte nok enkelte utfordringer. Noen konfirmanter stilte godt utrustet, med stav, sekk og proviant. Andre var bare sånn tålelig skodd for turen. Men en ting skal årets konfirmanter ha, det

var ingen sure miner.

Ferden begynte med at vår diakon på forbilledlig vis tok oss med inn i pilegrimens univers. God tid og evnen til å være stille er visst en pilegrims dyd, men forsøk å formidle det til en gjeng ivrige og energiske konfirmanter... Det tok oss derfor langt over tregrensen før vi fant det rette taktslaget, og en rolig og behagelig puls. Selve pilegrimsvandringen var lagt opp med korte stopp, der vi fikk litt energipåfyll

og små drypp av undervisning underveis. Å knytte undervisning sammen med erfaringer i møte med naturen, er et vinnende konsept. Et av turens mange høydepunkt var utvilsomt å ta bygda og Ranese kirke i utsyn fra toppen av Ranesekleiva, samtidig som undertegnede deklamerte de siste strofene av Martin Luther Kings berømte tale, "jeg har sett det forjettende land". Det satte forhåpentligvis pilegrimsferden inn i et større perspektiv, og det var med å skape en god ramme rundt den avsluttende stunden vi hadde i Ranese kirke.

Det var nok en noe medtatt gjeng som forlot Ranese kirke denne kvelden, men også tydelig fornøyd etter å ha vært pilegrimer for en ettermiddag.

Det skal sies at de slapp og gå den lange veien tilbake...

Vidar, Sokneprest

Fleirkulturell gudsteneste

På FN-dagen 24. oktober arrangerte Mo sokneråd i samarbeid med Surnadal Folkeakademi ein festkveld i Mo oppvekstsenter og i Mo kyrkje, der det var fleirkulturell gudsteneste med song og liturgi på fleire språk som norsk, engelsk, russisk, tysk, nepalesisk og filippinsk. Songkoret Tormod deltok.

ERE

Musikk- og songkveld i Stangvikkyrkja



Enda eit flott arrangement ved Bernt Bøe og hans gode songarar frå Todalskoret og Åsskard Kyrkjekor som song både av sitt gamle repertoar og presenterte nye songar frå Norsk Salmebok 2013 som nett har kome ut. Forsamlinga fekk også vera med på desse songane, m.a Sverre Hatles salme «Du er mi øy i havet, Gud», som Sverre også deklamerte.

Rannveig Brøske hadde eit fint og tanke-

vekkjande kåseri over sin utvalde salme av Svein Ellingsen: «Noen må våke i verdens natt».

Mest imponerende var vel den vakre framføringa av Händels Fiolinsonate i F-dur ved Kirsten Næss på fiolin og Linda Torvik på flygel. Og fine orgeltonar fylte også kyrkja denne kvelden.

Etter desse hadde tona ut, var det hyggeleg samver med kaffiservering bak i kyrkja.

ERE

STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55
Telefaks 71 66 47 01
E-post kirkeverge:
ingeborg.nordlund
@rindal.kommune.no
Bildet: Rindal kirke

Utdeling av Mi Kyrkjebok til 4-åringane i Stangvik.



Onsdag 9.oktober var mesta alle 4-åringane saman med foreldre/føresatte invitert til Stangvik kyrkje for å førebu seg til gudstenesta søndag og bli kjent med kyrkjerommet. Trusopplæringsleiar Bodil tok i bruk mange verkemiddel; legoklossar, vatn, leikebåt og rytmeinstrument for å få ungene til å bli kjent med bibelforteljningane. Dei lærde seg nokre av songane frå boka med rørsler og attpå til fekk dei bruka rytmeinstrument. Det var stas!! Til avslutning den kvelden serverte Berit

Anne og Per Arne bollar og saft til alle i kyrkjelydsrommet.

Det var spente og forventningsfulle 4-åringar som kom til kyrkja søndag 13. oktober. Dei gjekk inn i prosesjon i lag med konfirmantane og var ivrige tilhøyrarar og medhjelparar til prest Bjørn Hovde som for høvet nytta legoklossar for å visualisera preiketeksta. 4-åringane var med og framførte song i lag med kyrkjelyden. Dottera til Bodil var forsongar og ein av ungene var solist med sugerør som han bles i eit glas med vatn!!

Utdelinga av Mi Kyrkjebok vart og eit høgdepunkt.

Takk til alle som deltok i gudstenesta og ein spesiell takk til 4-åringane!!

Berit Anne i Stangvik sokneråd

Nyrestaurert orgel

Kyrkjeorgelet i Raness kyrkje, Surnadal, er no ferdig restaurert etter lang tids arbeid. Det skal tas i bruk torsdag 21. november under bispevisitasen. Neste vår skal ein markera hundreårsjubileet for dette spesielle instrumentet som er eit klenodium, kanskje utan make i Norge med sin opphavlege mjuke klang. Det blir nok noko å boltra seg på for kantor Oddveig Helset Halle.

ERE



Ungdomskor

I høst startet et nytt ungdomskor i Rindal. De har øvelse hver onsdag på Rindal bedehus etter skoletid. Koret består av 6 medlemmer og ledes av kantor Daniel Bjørlo. Første opptreden var på bedehuset 29. oktober i forbindelse med sangkvelden. De skal ellers være med på både lysmesse i Rindal kirke, og den tradisjonelle julekonserten.

Det har også tidligere vært ungdomskor/ band i Rindal, men siste året har det vært stille. Koret er åpent for 7. klasse og oppover, og er en fin mulighet for de som blir for gamle for barnekoret Salt & Pepper til å fortsette å synge.

Daniel



Arena:Kirke

I forbindelse med 150-årsjubileet til Rindal kommune og Rindal sokn i 2007 ble det gjennomført en programserie med navnet "Arena: Kirke" som gikk ut på å benytte kirkerommet i større grad enn vanlig til både konserter og andre kulturuttrykk. Nå er det på nytt blåst liv i dette tiltaket, og arrangementskomiteén håper å få gjennomført en rekke nye arrangement i 2014.

Som en start på dette inviterte flere lokale artister til en musikalsk aften i Rindal kirke fredag 8. november. Der fikk vi servert et gospel-, og countrypreget program med låter av blant annet Elvis og Johnny Cash, samt en del popballader. Over 150 rindalinger og nabobygdinge møtte opp for å få med seg konserten.

Kor Gøttj, dirigert av Dagrunn Løset, åpnet konserten med låtene Long December Night og Hallelujah akkompagnert av Håkon Fredriksen, bass og Daniel Bjørlo, tangent. Karstein Mausest og Håkon Fredriksen fortsatte konserten ved å framføre 3 låter med lokale tekster tonsatt av Karstein.

Så inntok Oldtimers, bestående av brødrene

Sorggrupper

Som diakonar vil vi berre minne om anledningen til samtale/ besøk i heimen eller på kyrkjelydshuset og tilbod om sorggrupper. Ta gjerne kontakt med kontoret (71657060) eller Kirsti Hjørnevik (97540817)



Lillegård og Landsem, scenen. De framførte flere popballader. Både Lars, Ingebrigt og Magne sang, mens Einar hadde soloen sin på gitar i Shadowslåten Theme For Young Lovers.

Til slutt entret Jon Gåsvatn scenen der han, iført hvit Elvisdress, framførte en rekke Elvissanger stødig akkompagnert av Oldtimers. Prest Lene Gåsvatn var konferanser og bandt det hele fint sammen.

Daniel



KALLAJUBILEET

Etter eit heilt år med jubileumsmarkeringar av Kalla Skrøvseths hundre års fødselsdag, er jubileumshelga 8.-10. nov. eit stort og verdig høgdepunkt med utstillingar, foredrag, konsert og jubileumsgudsteneste i Kallas ånd. Ein kunne ønskt ei betre annonsering i forkant, men da jubileet først var i gang, var det eit strålende og interessant opplegg som viste ein ufattelleg stor og allsidig kunstner med ein enorm produksjon. Ein har registrert omlag 300 privateigde måleri (og det er mange som ikkje er registrert) og 150 store arbeid i offentlege bygg, m.a. altertavler i mosaikk, den største i Sørnes kyrkje på Sola, «Kristus er verdens lys». Trua på den oppstadne Kristus prega mykje av hennar livsverk. Det var grunnlaget.



Sigrid song fleire songar under konserten i Kulturhuset. Her med Elsa Bø ved flygelet.

Og kristent arbeid gjennom kyrkje, bedehus og misjon var ein svært viktig del av Kallas liv. Dette kom serleg godt fram i dei spennande og delvis morosame kåseria på kyrkjekaffen av niesene Randi (med ein stor bileterserie av kyrkjekunsten) og Kirsten, som poenterte den rause og festlege tante Kalla, og av Inger Marie, dotter av besteveninna, som fekk fram det levande og vitale bedehusmiljøet og venefellesskapet som Kalla var ein sjølvstekt del av heilt til det siste. Også preika i gudstenesta ved sokneprest Vidar Rygh peika på det som var essensielt for Kalla, trua på korset vårt einaste håp. Under gudstenesta song Sigrid Vetleseter Bø songar som Kalla var serleg glad i: «Ånders Herre, du skal

råde» og «I know that my redeemer liveth» (Eg veit at min forløyser lever) frå Händels Messias. Ho var også solist ved den store konserten på Kulturhuset, og ho stod ikkje langt tilbake for den store sopransolisten Solveig Kringlebotn som gav oss kjente



Inger Marie fortalde levande om Kallas liv i Raneskyrkja og viste eit vakkert privat kunstverk av seg sjølv ved mors bryst.

perler som «Solveigs song» og «Ved Rondane», og ein ny versjon av Vårsøg på engelsk. Alt med lysbiletfremvising av kunstverka i bakgrunnen.

Det hadde nok vore naturleg at det også der hadde vore fokus på Kallas kristne livssyn som prega både henne og hennar kunst så sterkt, ved å tatt med ein par salmar, som t.d. Griegs «I himmelen». Som Nils Røv sa så vakkert: «Kalla hadde den trua at etter døden kjem ein ny vår.» Det var og gripande å sjå eit intervju på film heime hos kunstnaren på slutten av livet. Det var som ho var i salen.

ERE



**Kyrkjeblad for
Indre Nordmøre**
Utgjevar:
**SOKNERÅDA PÅ
INDRE NORDMØRE**

REDAKTØR:
Einy Rendal Elgsæther
6645 Todalen
☎ 71 66 02 81

E-post: einyre@gmail.com

REDAKSJONSSEKRETÆR:
Ol Trygve Foseide
976 82 829
E-post: kyrkjeblad@gmail.com

BLADPENGAR:
Frivillig kontingent
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre
Kontor Service A/S
Postboks 72
6630 Tingvoll
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP.:
Prosit design og
kommunikasjon as
☎ 71 66 50 80
E-post: post@prosit-design.no
6657 Rindal

TRYKK:
Wennbergs Trykkeri AS
☎ 72 88 98 00
7075 Tiller

KYRKJEBLADET PÅ NETT:
<http://www.rindal.kirken.no/>

Sjå øvst til høgre på menylinja



Det var utstillingar av Kallas kunst både i Kallastua, Raneskyrkja, Kulturhuset og Surnadal Sparebank.